

Måndag 22. januar – den store soldagen!

22.01.2007



Klokka 11: I glytten mellom Nåso og Englafjell. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag 22. januar 2007 vert ståande som den store, solmetta vinterdageni Uskedalen - etter blaute og vindfulle veker. Den etterlengta, livgjevande kula dukka fram på ein knallblå himmel i glyttane mellom fjella våre, gylla delar av bygda og glede både små og store. Eigentleg var det grunn til ein fest!

Uskedalen har, som til dømes Rjukan, grunn til å halda ein solfest kvar vinter. For i det meste av bygda held sola seg gøymd i atskillige veker.



Sola skin på Beinavikjo Brygge for første gong i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På Skorpo har dei sol heile året, men det gjeld slett ikkje for "fastlandet". Det er til dømes den 19. januar ho kjem fram att første gong mellom Englafjell og Manen og skin eit kvarters tid over Flatholm og Neset. Med andre ord er ho borte tilsaman åtte veker i dette området.

I går kom ho fram i Børsdalen (mellom Nåso og Englafjell) i om lag eitt kvarter (mellom klokka 11 og 11.15) og skein på Halsane og fleire hus innerst i Beinavikjo. Ikkje minst kunne dei karane som var i gong med å leggja grunnlaget for det neste byggjesteget på Beinavikjo Brygge kosa seg nokre minuttar i solskinet.

Klokka 13.15 kom sola fram i glytten mellom Englafjell og Manen og kasta strålane sine over Flatholm først – og så over Neset.

Og så får vi tru sola kjem att også dei næraste dagane.....

Av Ola Matti Mathisen



Klokka 13.15: I glytten mellom Englafjell og Manen (Foto: Ola Matti Mathisen)